

# **Retningslinjer for søknad knytt til solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde – vedtatt i Stølsheimen verneområdestyre 13.03.2023**

Solcellepanel må vurderast etter dispensasjonsreglane i naturmangfaldlova § 48. Tiltaket skal passa inn i kulturlandskapet, i dei tilfella vilkåra for dispensasjon er oppfylt kan det derfor verta gitt føringar på solcellepanelet sin utsjånad, storleik og plassering. Det kan òg vera aktuelt å gje løyve for ein tidsavgrensa periode.

Moment i vurdering av tiltaket er:

- formål med tiltaket, og behovet for tiltaket
- storleik og form på solcellepanel
- farge på solcellepanelet
- plassering av solcellepanelet
- stølsmiljøet og landskapets heilheit.

Dokumentasjon som skal vera med søknaden:

- bilete av solcellepanelet
- foto av bygningen der solcellepanelet er teikna inn
- kva behov skal solcellepanelet dekka?
- størrelse og form på solcellepanelet